

Siste nytt frå 1600-talet

- Den fyrste fattige jostedølen

Tekst: Oddmund Hoel

Jostedalen var ei fattig bygd frå nybyggjarane kom til dalen ein gong i andre halvdel av 1500-talet til langt opp på 1900-talet. Dei fleste hadde lite å rutte med, og det kunne vere hardt nok å skaffe seg det mest naudsynte, som mat og klede. Dei aller fleste jostedøler – og nordmenn – var lutfattige etter våre førestillingar, men for å bli kalla «fattig» i tidlegare hundreår, måtte det meir til enn å ha i minste laget med mat i periodar. Fattig var ein fyrst når ein ikkje greidde seg sjølv, men var avhengig av andre si hjelp for å overleve.

Midt på 1700-talet vart det etter kongeleg påbod organisert eit offentleg fattigstell i Noreg, og frå 1755 skulle det vera fattigkommisjonar i alle prestegjeld som skulle ta seg av dei fattige. Frå dette tidspunktet finst såleis årlege lister over fattige jostedøler som har fått hjelp av fattigkommisjonen. Før 1755 fanst ikkje noko offentleg fattigstell som heldt styr på dei fattige, så då må ein gå til andre kjelder om ein vil danne seg eit bilete av fattigdomen.

Frå 1600-talet, og særleg tidleg i hundreåret, finst få skriftlege kjelder som seier noko om Jostedalen, og dei fleste dokumenta er skattelister. Dei kan fortelje oss kven av gardbrukarane som betalte eller ikkje betalte skatt. I den fyrste kjende skattelista frå kring 1596 var det 25 gardbrukarar som betalte skatt, i den neste frå 1600 var det 28 skattepliktige gardbrukarar, i 1603 var det berre 14 som betalte skatt, og i 1611 står 21 gardbrukarar i skattelista. I botnåret 1603

kan me såleis rekne med at ein stad mellom 1/3 og halvparten av gardbrukarfamiliane var så fattige at dei ikkje greidde å betale skatten sin og difor ikkje kom med i skattelista. Sikre kan me ikkje vere – ein del gardar kan òg ha vore mellombels fråflytte på grunn av flaum, sjukdomar eller andre katastrofar.

Gjennom 1600-talet auka skattestrykket på bøndene i Noreg kraftig som fylgje av alle krigane kongen vikla Danmark–Noreg inn i. For kvar krig auka skatteutskrivninga mykje utan at skattenivået kom ned att på førkrignivå etterpå. Skatteskerping kombinert med misvekst gjorde at ein kring 1630 nådde ei grense for kva mange bønder i Jostedalen og andre stader makta å betale i skatt. Reglane var samstundes skjerpa slik at futane som kravde inn skatten, måtte leggje ved dokumentasjon dersom nokon ikkje greidde å betale – det var ikkje nok å stryke dei frå skatterekneskapen. Den vanlegaste grunnen til at bøndene ikkje greidde å betale, var at dei var «fattige» og «forarma», så frå sist i 1620-åra har me dei fyrste dokumenta som fortel oss direkte kva jostedøler som var fattige i den tydinga at dei ikkje greidde å betale (den auka) skatten.

Eit fyrste varsel kom i rekneskapen for kongetianda for 1627–28 der me kan lese at det i Jostedalen budde «23 Bønder, Huillche och meste-parten Ere forarmede». Same året kom eit nytt og meir differensiert skattesystem som ein lekk i skatteskerpinga, og gjennom 1628 kom


betalingsproblema i Jostedalen og grannebygdene til syne for fullt. Då landskatten skulle betalast i to terminar til jol 1628 og påske 1629, betalte berre 13 av 25 skattytande bønder i Jostedalen heile skatten dei vart kravde for. Oluf Mjølver makta ikkje å betale i det heile medan dei andre tolv betalte ein del Oluf og dei andre tolv kjem me straks attende til.

Problema med (eller uviljen mot) å betale skatt viste seg då landskatten vart kravd inn 25. november 1629 (14 dagar etter mortensmesse). No var det fem som ikkje betalte noko som helst og såleis vart oppførte i skattelista som fattige og forarma. Futen kunne ikkje leve med at skatterekneskapen for Sogn len ikkje gjekk opp, så på bygdetinget på Valaker 14. april 1630 vart det sett opp eit tingsvitne for å dokumentere kvifor ikkje alle skattar var komne inn. Dette er det eldste dokumentet eg kjenner til som namngjev jostedøler med betalingsproblem.

DET LYDER SLIK PÅ SNIRKLETE 1600-TALSDANSK:

Anno 1630 den 14 Aprilis paa Waldager der Kongelig Mayestets Foged J Sogenn Lenn Sallig och Welaget Mannd Peder Paashe Annamede shaten effter Kong Mayestez Seniste paabudnne Skattebreffs paabudnne Skatt tage efter Lydelse thil fiorten dage effter S: Martini 1629

Da er effter mestene[?] Ellinng Foss Olluff Krigen, Anders Mieluerd Olluf Eluekrog \Leiglendinger/ och Arne Broemb \Ødegaardtzmend/



Tingsvitnet frå bygdetinget på Valaker 14. april 1630 som dokumenterer at fem jostedalsbønder ikkje hadde betalt skatten fordi dei var «saa gandshe fatige och forarmmede».

aff Jøstedallen saa gandshe fatige och forarmmede att Wdgiffue Nogen shatt effter shatebreffuens Jndhold huilket Wij effterscreffnu Danniell Kiepe Lensmand ibes Anders Snøtunn, Jakop Bache och Olluff Møchelmyr Lauretismend ibid: Ved Woris zigenedter Vnnderthrøctt och Bekrefftt. Actum vt Suppra

OMSETT TIL MODERNE NORSK:

Året 1630 den 14. april på Valaker mottok Kongeleg Majestets fut i Sogn len, den salige og velakta Peder Paasche, den påbodne skatten etter hans Majestet Kongens siste påbodne skattebrev. Skatten skulle takast fjorten dagar etter mortensmesse 1629. Det har seg slik at Erling Fosen, Oluf Kreken, Anders Mjølver, Oluf Elvekrok (leiglendingar) og Arne Bruheim (øydegardsmann) frå Jostedalen er så fattige og forarma at dei ikkje er i stand til å gje nokon skatt etter innhaldet i skattebrevet. Dette kan me etterskrivne Daniel Kjeppe, lensmann same stad, Anders Snøtun, Jakob Bakken og Oluf Mylkemyr, lagrettemenn same

stad, stadfeste med signettane våre som er påtrykte under.

Dette galdt altså skattebetalinga hausten 1629, men futen Peder Paasche hadde framleis ein udokumentert mangel i den nemnde skaterekneskapen for terminane til jol 1628 og påske 1629. Dette vart det rydda opp i med eit nytt dokument (tingsvitne) 3. januar 1631 som dokumenterte over tre sider at ei rekkje bønder i skipreida Solvorn, Marifjøra og Jostedalen ikkje hadde makta å betale skatten. Her gjekk det fram at tolv jostedalsbønder som nemnt hadde betalt noko – dei «haffuer giffuit epter dierris yderste magt och formuege». Det galdt Oluf Myklemyr, Mattis Ormberg, Elling Fossen, Oluf Li den yngre, Amund Bjørk, Oluf Kreken, Bendik Bergset, Anders Mjølver, Jon Mjølver, Oluf Elvekrok, Peder Sperla og Arne Bruheim – dei var altså jamt fordelte i bygda. Så var det ein som «ingen raad eller formuge haffuer til samme scat at udlege», og det var Oluf Mjølver. Dermed kan me utrope Oluf til den fyrste fattige jostedølen, men han var i eit stort og godt selskap, og

fleire skulle det bli.

Kjelder:

Riksarkivet. Rentekammeret inntil 1814. Reviderte rekneskapar, Lensrekneskapar. Bergenhus len inntil ca. 1629 (skanna utgåver i Digitalarkivet):

- Jordebok for Sogn 1600–01, oppslag 24–25
- Pengeskatt for Sogn 1603, oppslag 38
- Jordebok for Sogn 1611–12, oppslag 32–33
- Tiendemanntal for Sogn 1627–28, oppslag 9
- Landskatt (jol og påske) for Sogn 1628–29, oppslag 6 og 52–54 (skatteliste og tingsvitne 3.1.1631)
- Landskatt 14 dagar etter Martini 1629 for Sogn (=25.11.1629), oppslag 21 og 46 (skatteliste og tingsvitne 14.4.1630)

Avskrifter av dokumenta ligg på nettstaden til Jostedal historielag under «Skattelister og matriklar», http://www.historielaget.jostedal.no/?page_id=459